

Anders og *Anna Schøller* hadde mellom andre born ein son som heitte *Sti Tønsberg Schøller*. Han levde i åra 1700-1769, og skaffa seg tittel både som etatsråd og som kammerherre. Han vart gift første gong med ei *Elisabeth Angell*. Ho døydde i 1742, og *Sti Tønsberg Schøller* gifte seg oppatt same året med generalsdottera *Cesilie Christine Frølich*.

Ein vil seinare få sjå at namnet til *Sti Tønsberg Schøller* er knytt til gardane i Flora frå 1746, medan geheimerådinne *Schøller* er nemnt i same eigenskap i matriklane frå 1778. (Ho vart no ellest ikkje geheimerådinne før i 1780 etter at ho hadde flytta til Kjøbenhavn, med ei formue på 450.000 riksdalar, seier tradisjonen).

I Trøndelag er ho best kjend for si rivalisering med lagmannsfrue *Møllmann*. Da fru *Møllmann* bygde den flotte garden Harmonien, sette fru *Schøller* i gang oppføringa av Stiftsgarden, som unekteleg ber prisen av alle trepalassa i Trondheim, så fru *Møllmann* vart slegi ut i den kappestriden. Då bygnaden stod ferdig, skal den byrge frua ha sagt: «Ja, no kan fru *Møllmann* ha det så godt.»

Slik lyder segna om storverka til dei to Trondheims-damene på 1700- talet, meir nøkternt sett, kan læra bli den at geheimerådinna sine leig-lendingar i Flora og var med og ytte sine tilskot (om ikkje så store) til oppføringa av den noverande kongeboligen i Trondheim.

Sti Tønsberg Schøller skal ha freista å halde igjen, ellest er det lite å høyre om han. Nesten 20 års enkjestand gav geheimerådinna luft un-der vengene, og ho visste å svinge seg opp til respektable sosiale høg-der.

Sti Tønsberg og *Cesilie Christine Schøller* hadde ei dotter, *Elisabeth Schøller* som i 1760 vart gift med oberst G
eorg Fredrik Krogh,
den seinare general
Krogh.

Den mektige svigermora døydde i 1786, og i matrikkelen frå 1790 er
Krogh
å finne som eigar av landskyldpartane i Flora.

Med kona fekk han ein masse jordegods, for det meste i Trøndelag. Også Leira gard med industrianlegga ved fossane i nærleiken vart hans eigedom ved giftarmålet.

Ekteskapet vart stutt. *Elisabeth Krogh* døydde i 1763 frå mann og ein nyfødd son, seinare major
Sti Tønsberg Schøller Krogh.

General *Krogh* vart gift for andre gongen i 1765 med admiralsdotter *Margrethe Lerche*, ei myndig dame, etter tradisjonen.

I dette ekteskapet fekk *Krogh* fleire born. Ein son, *Georg Fredrik*, f. 1777, vart militær og avanserte til oberst. Han fekk og rang og tittel som kammerjunker, og han vart eigar av storgarden Leira og var distrik-